



Når nokon døyr

Mål for økta: Barna lærer om kva som skjer med kroppen når eit menneske døyr, og om ulike følelsar som er vanleg for barn å få når nokon ein kjenner døyr, og at det er vanleg for barn å gå ut og inn av sorga.

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kva ser vi på dette bildet? Kva har skjedd? Kva er den kvite kista? Kvifor har dei svarte klede?

Fortel barna korleis det kan vere når nokon døyr:

Dette bildet viser ein familie som står rundt kista til ein som er død. Kanskje er det ei oldemor eller ein bestefar, eller nokon andre dei var glade i – for vi ser jo at dei er triste.

Oftast er det dei veldig gamle som døyr. Nokon barn kan bli redde for at folk dei er glade i som ikkje er gamle plutselig skal dø. Det kan kjennast skummelt. Heldigvis er det det ikkje vanleg, og barn treng ikkje å bekymre seg for at det skal skje. Som oftast rekk vi å vite om det på forhand når gamle folk blir sjuke og døyr, slik at vi kan besøke dei og sei hadet og sånn.

I gravferda er det vanleg at det er blomster og lys slik vi ser på teikninga. Og mange har på svarte klede, men man må ikkje ha det. Nokre barn brukar å lage teikningar eller gi blomster til den som er død. Så er det vanleg å synge litt, og at nokon snakkar litt om livet til den som no er død.

Det som er litt rart er at ingen av oss som lever som kan vite korleis det er å vere død. Derfor er det mange ulike måtar å snakke eller tenke om det som skjer etterpå. Nokon trur at den som døyr er i himmelen, men alle får sjølv velje kva dei trur skjer. Det vi veit er at det mennesket vi var glade i ikkje lenger er inni den kroppen som er død. Den kroppen har slutta å virke, for hjartet har slutta å slå og kan ikkje startast opp igjen. Den som er død kan ikkje høyre eller føle eller tenke. Derfor er det heilt trygt å grave kista ned i jorda eller brenne den til oske, for den som er død er ikkje lenger i kroppen sin, og blir ikkje redd og har det ikkje vondt.

Sjølv om den som er død ikkje har det vondt, er det vanleg at andre blir triste, og kjenner at det er vondt å miste nokon. Det heiter å sørge. Både vaksne og barn kan gråte. Men barn er heldigvis laga sånn at dei slepp å vere lei seg heile tida. Barn kan vere lei seg, og så kan dei leike og vere glade litt, og så kan dei vere lei seg igjen, og så kan dei vere glade igjen. Sånn kan det vere i gravferda også. Det er heilt vanleg og ganske fint.

Sånn er det også etter gravferda. Det er heilt vanleg å kjenne sagn og vere lei seg, men litt etter litt vil det gjere mindre vondt. Og det er heldigvis både lurt og lov å innimellom fortsette å snakke om den som er død, sjå på bilde, snakke om gode minne og tenke på kor glad ein var i denne personen.

Dersom barn spør om, eller snakkar om at foreldre kan dø:

Det å bli redd for at mamma eller pappa eller andre ein er glad i kan dø kan kjennast veldig skummelt. Og det er faktisk ganske vanleg for mange barn at slike tankar kan dukke opp. Heldigvis er det svært uvanleg at foreldre døyr medan barna deira er barn. Så det treng vi ikkje tenke på eller vere redde for. Nesten alle barn får bo saman med foreldra sine heilt til dei blir vaksne.

Og dei veldig få som opplever å miste foreldra sine, dei får nye foreldre som blir glade i dei og passar på dei.